



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Grete Haugan
Telefon: 57643141
E-post: fmsfgha@fylkesmannen.no

Vår dato
22.09.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/2046 - 472
Dykkar referanse

Halsvik Bil & Gjenvinning
Halsvikvegen 20
5960 DALSØYRA

Halsvik Bil & Gjenvinning - endra løyve til mottak av kasserte kjøretøy og metallskrap. Løyve til mottak av bilbatteri.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har vedteke å endre Halsvik Bil & Gjenvinning sitt løyve til mottak og miljøsanering av kasserte kjøretøy i Halsvik i Gulen kommune.

Grensa for tal bilvrak som kan lagrast samtidig ved anlegget vert auka frå 500 til 600 bilar og grensa for mengde metallskrap vert auka frå 50 tonn/år til 1000 tonn/år. Halsvik Bil & Gjenvinning får også løyve til mottak av bilbatteri/blybatteri frå verksemder og privatpersonar.

Vi viser til søknad datert 30.05.2014.

Orientering om saka

Halsvik Bil & Gjenvinning fekk i 2003 løyve frå Fylkesmannen til å etablere mottak for demontering av inntil 100 kasserte kjøretøy ved verksemda sitt område på gnr 63, bnr 2 i Gulen kommune. Etter søknad vart dette løyvet endra den 29.04.2004 og 25.05.2011, slik at løyvet no gjeld for demontering av inntil 800 kjøretøy pr år, og oppstilling av inntil 500 kjøretøy samtidig på uteområdet. Løyvet gjeld også for mellomlagring av inntil 50 tonn metallskrap.

Etter tilsyn ved bedrifta våren 2014 vart det klart at det kan vere behov for lagring av noko fleire bilar i perioden før fristen for betaling av årsavgift. Verksemda søker difor om utviding av løyvet med 100 bilar, for å vere sikra at grensa i løyvet ikkje vert overskriden i høgsesongen mars-juli.

- Det vert søkt om utviding av ramma for samtidig lagring av bilvrak frå 500 til 600 bilar.
- Det vert òg søkt om auke i ramma for mottak av skrapjern frå 50 tonn til 1000 tonn/år.
- Verksemda søker vidare om å bli godkjent mottak for bilbatteri/blybatteri frå private og verksemder. Dette har verksemda ikkje løyve til i dag.

Søknaden er sendt på ei avgrensa høyring til Gulen kommune og naboar til verksemda. Det har ikkje kome inn merknader.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for avgjerda

Krava til tilrettelegging og drift av oppsamlingsplassen byggjer på reglane i kapittel 4 i avfallsforskrifta med vedlegg. Avfallsforskrifta kap. 4 set krav om at område for lagring av kasserte kjøretøy skal skje slik at omsynet til helse, miljø og tryggleik vert teken vare på. Det er sett krav til fast, ugjennomtrengjeleg dekke på områder for lagring av ikkje tømde bilar, område for miljøsanering og område for pressing av bilvrak og pressa bilvrak.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Halsvik Bil & Gjenvinning har kapasitet for miljøsanering av 40 bilvrak i veka. Verksemda driv med delesal, og alle delebilar kan ikkje tømast for væske fordi omsetningsverdien då vil verte nedsett. Før bilar vert sett på grusdekke vert det gjort ei grundig risikovurdering og visuell sjekk for lekkasje. Forsikringsbilar og bilvrak som utgjer ein ureiningsfare vert alltid plassert på tett dekke og miljøsanert raskt.

Halsvik Bil & Gjenvinning har investert mykje i fast dekke, verkstadhall og ny oljeutskiljar dei siste åra, og vi vurderer at anlegget no har areal, bygningar og utstyr til å kunne lagre noko fleire kasserte kjøretøy og meir metallskrap. Verksemda må likevel vurdere om det er behov for ytterlegare fast dekke for å stette krava i regelverket, eller om verksemda kan planleggje logistikken i drifta si slik at bilvrak med fare for ureining vert lagra på fast dekke fram til miljøsanering, i tråd med avfallsforskrifta kap. 4.

Halsvik Bil & Gjenvinning handterer i dag bilbatteri frå alle mottekne kjøretøy. Bedrifta har eigna lokale for mellomlagring av batteri, og dei har avtale med Batteriretur AS for vidare handtering. Det er lite tilbod om mottak av slikt farleg avfall i Gulen, og verksemda har mange nabo-verksemdar som ønskjer eit betre tilbod for levering. Fylkesmannen meiner difor at dette vil vere eit godt tilbod både for verksemdar og for private i kommunen. Mottak frå privatpersonar krev at bedrifta har ein skriftleg avtale med Gulen kommune.

Verksemda kan skrive ut pantekvittering for mottekne kjøretøy. Krava til utfylling av vrakmelding går fram av kapittel 4 i "forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)", del IV. Retten til å drive mottak og skrive ut pantekvittering betyr òg at verksemda har plikt til å ta i mot alle kasserte kjøretøy som er omfatta av panteordninga.

Det nye løyvet bygger på tidlegare løyve datert 25.05.2011. Det er gjort endringar i pkt 1, ramme for løyvet og det er teke inn nytt pkt 0 føresetnader. Eit nytt pkt 3.5 gjeld mottak av bilbatter/blybatteri. I tillegg er teksten i vilkåra justert i samsvar med nyare mal for slike løyve.

Varsel om gebyr

Fylkesmannen si handsaming av søknader om endring av utsleppsløyve er omfatta av ei gebyrordning, jf. kap. 39 i ureiningsforskrifta.

Vi varslar med dette at Halsvik Bil & Gjenvinning skal betale eit gebyr til Staten på kr. 5500,-, jf. § 39-4 i ureiningsforskrifta.

Dersom de har merknad til dette varselet, må denne sendast til Fylkesmannen innan 3 veker. Gebyret vert deretter fastsett i eige vedtak.

Generelle føresetnader for løyvet og informasjon om regelverket

Internkontroll

Det er ein føresetnad at verksemdar med tilsette arbeidstakarar har ein internkontroll som tek omsyn til verksemda sine plikter for å hindre ureining av ytre miljø, og som sikrar at verksemda oppfyller dei krava som går fram av lover, forskrifter og utsleppsløyve.

Vi vil streke under at all ureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Jamvel om utslepp vert halde innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje uttrykkelig er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å oppfylle alle relevante krav i ureiningslova og produktkontrolllova med forskrifter som er heimla i desse lovene. Nokre av dei mest relevante forskriftene er nemnt i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan være aktuelle for verksemda, viser vi til www.regelhjelp.no.

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere endringar i dette løyvet med heimel i § 18 i ureiningslova. Endringar skal vere grunna på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor liggje føre i god tid før endring kan gjennomførast.

Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmaktene eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid jf. ureiningslova kap. 7.

Tvangsmulkt, straff

Brot på løyvet er straffbart etter ureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av ureiningslova og produktkontrolllova samt forskrifter fastsett i medhald av disse lovene, er straffbart.

Ved avvik frå løyvet eller ureiningslova kan Fylkesmannen gje pålegg om igangsetjing av tiltak for å rette opp avvik, jf. ureiningslova § 7, siste ledd. Dersom pålegget ikkje vert følgt opp kan Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt til staten jf. § 73, eller sørge for igangsetjing av tiltak jf. ureiningslova § 74.

Erstatningsansvar

Dette løyvet frittek ikkje søkjaren for å hente inn løyve for andre sider av verksemda, som t.d. arbeidsmiljø, helse- og landbrukslovgevinga.

At ureininga er tillate, frittek ikkje verksemda frå eventuelle erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som følgje av ureininga, jf. ureiningslova § 10 og kap 8 (spesielt § 56), samt grannelova §§ 6, 7 og 8.

Klagerett

Vedtaket, også plasseringa i gebyrklasse, kan klagast på til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse. Fristen til å klage er 3 veker etter at melding om vedtak er kome fram, eller frå vedkommande fekk eller burde skaffa seg kunnskap om vedtaket. Ein eventuell klage skal oppgje nærare kva det vert klaga på, og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendes til Fylkesmannen.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje påklagast.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette kan ein få ved å vende seg til Fylkesmannen.

Offentleggjing av løyvet

Vedtaket vert kunngjort offentleg for dykkar rekning, jf. § 36-11 i ureiningsforskrifta. Kunngjeringa vil innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket. Løyvet vert også publisert på Fylkesmannen si nettside.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
assisterande fylkesmiljøvernssjef

Grete Haugan
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi pr. EDU: Gulen kommune



Løyve etter ureiningslova til handtering av kjøretøy, metallskrap og batteri ved Halsvik i Gulen kommune. Halsvik Bil & Gjenvinning

Løyvet er gitt i medhald av § 11 jf. § 16 og § 29, og endra i medhald av § 18 i lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6 (ureiningslova) og § 4-7 og § 11-6 i forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 1.6.2004 (avfallsforskrifta)

Endra løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 30.05.2014 og opplysningar framkome under behandlinga av søknaden.

Med heimel i § 18 i ureiningslova er løyvet datert 25.05.2011 erstatta med dette løyvet.

Verksemddata

Verksemd:	Halsvik bil & gjenvinning		
Stad, adresse, poststad	Halsvikvegen 20, 5960 Dalsøyra		
Gards- og bruksnr.	63 / 2		
Kommune og fylke	Gulen i Sogn og Fjordane		
Org. nummer (føretak)	879 880 432	Org.nr. (verksemd)	

Fylkesmannen sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Løyvenummer	Fagområde	Risiko-klasse ¹
10/14096	1411.0095.01	2003.203.T	avfall – mottak og mellomlagring av bilvrak	3
14/2046	1411.0095.02		avfall – mottak og mellomlagring av farleg avfall	
	1411.0095.03		avfall – mottak, mellomlagring og sortering	

Løyve gitt: 25.11.2003	Endringsnummer: 4	Denne endringa: 22.09.2014
Gøsta Hagenlund assisterande fylkesmiljøvernssjef		Grete Haugan senioringeniør

¹ Jf. ureiningsforskrifta kap. 39 om gebyr til statskassen for arbeid med tillatelser og kontroll etter ureiningslova

Innhald

0. Føresetnader	3
1. Ramme for løyvet	3
2. Generelle krav	3
2.1. Utsleppsavgrensingar	3
2.2. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg	3
2.3. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold	3
2.4. Internkontroll	4
2.5. Nærmiljø	4
3. Særskilde vilkår for mottak og handtering av kasserte kjøretøy	4
3.1. Tilrettelegging og drift	4
3.2. Miljøsanering og lagring av kasserte kjøretøy	4
3.3. Pressing eller sluttbehandling av kasserte kjøretøy	5
3.4. Handtering av farleg avfall frå kasserte kjøretøy	5
3.5. Mottak av bilbatteri/blybatteri	5
4. Utslepp til grunn og vatn	5
4.1. Utsleppsavgrensingar	6
4.2. Utsleppstad for prosessavløp	6
5. Støy	6
5.1. Utsleppsgrenser	6
6. Økonomisk sikkerheit	7
7. Journalføring	7
8. Beredskap og varsling	7
9. Rapportering til Fylkesmannen	7
10. Utsifting av utstyr	8
11. Eigarskifte	8
12. Nedlegging eller lengre driftsstans	8
VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1	9
VEDLEGG 2 - Definisjonar	10

0. Føresetnader

Løyvet gjeld frå den datoen Fylkesmannen kunngjer løyvet.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Vilkåra er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng.

Dersom verksemda ynskjer å gjere endringar i høve til opplysningar som er gitt i søknaden eller under saksbehandlinga, og desse endringane kan ha noko å seie for utforming av vilkår eller verknad for miljøet, må endringane avklarast skriftleg med Fylkesmannen på førehand.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan 2 år etter at løyvet er gitt, skal verksemda sende Fylkesmannen ei utgreiing slik at vi kan vurdere eventuelle endringar, attendetrekking eller utferding av nytt løyve.

1. Ramme for løyvet

Løyvet gjeld mottak, miljøsanering og mellomlagring av kasserte kjøretøy (bilvrak), mottak og mellomlagring av metallskrap og bilbatteri/blybatteri. Løyvet gjeld for dei mengdene som går fram av tabellen nedanfor:

	Kasserte kjøretøy (stk)	Anna metallskrap (tonn)	Bilbatteri/blybatteri (tonn)
Årleg mengde	800	1000	80
Maksimalt mellomlagra på anlegget	600	1000	40

Løyvet omfattar mottak og mellomlagring av bilbatteri/blybatteri både frå verksemdar og frå privatpersonar. Mottak frå privatpersonar krev at bedrifta har ein skriftleg avtale med Gulen kommune.

2. Generelle krav

2.1. Utsleppsavgrensingar

Utslepp av prioriterte stoff oppført i vedlegg 1 er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra i løyvet, eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

2.2. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg

Jamvel om utsleppa vert haldne innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

2.3. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunner oppstår fare for auka ureining, skjemmaende aktivitetar eller liknande, pliktar verksemda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka faren, òg om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få ureiningsmessige følgjer. Akutt ureining skal varslast i høve til vilkår 8.

2.4. Internkontroll

Verksemder med tilsette arbeidstakarar pliktar å etablere internkontroll som gjeld for ytre miljø i høve til gjeldande forskrift om dette². Den skriftlege dokumentasjonen på internkontroll skal m.a. sikre at verksemda held krava i dette løyvet, ureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar til ei kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til ureining og skjemma tilhøve, og skal kunne gjere greie for risikoforhold.

2.5. Nærmiljø

Alt som kan utgjere ein ureiningsfare eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande. Utanom arbeidstida skal anlegget vere heilt avstengd med låst port. Nærmiljøet skal vere skjerma mot innsyn og støy frå anlegget. Minimum inngjerding er 2 meter høgt gjerde, og det skal vere samsvar mellom stablingshøgda og høgda på gjerdet eller anna avskjerming.

For lagring av farlege kjemikal eller farleg avfall i tank som ikkje er grave ned, gjeld krava i kapittel 18 i ureiningsforskrifta.

Brenning eller nedgraving av avfall er ikkje tillate.

3. Særskilde vilkår for mottak og handtering av kasserte kjøretøy

3.1. Tilrettelegging og drift

Anlegget skal byggjast og drivast i samsvar med dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for behandlingsanlegg for kasserte kjøretøy, i den grad anna ikkje er fastsett i dette løyvet.

Anlegget skal vere sikra slik at vatn eller grunn ikkje blir ureina. Dette føreset m.a. at verksemda til ei kvar tid har oversikt over kva vrak eller delar som inneheld farleg avfall.

Alle faste flater skal vere tilknytt avløp med sandfang og oljeutskiljar. Dette gjeld ikkje dei områda som blir nytta til avtapping av andre miljøfarlege væsker enn olje, og til mellomlagring av farleg avfall.

3.2. Miljøsanering og lagring av kasserte kjøretøy

All handtering og lagring av kasserte kjøretøy/delar skal skje slik at omsynet til helse, miljø og tryggleik blir teke vare på.

Område for lagring, miljøsanering, demontering m.v. av kasserte kjøretøy skal minst oppfylle krava til fast, ugjennomtrengeleg dekke, jf. VEDLEGG 1 til "Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)", kapittel 4 – Kasserte kjøretøy. Dette gjeld minst følgjande område:

- område for lagring av ikkje tømde/ikkje miljøsanerte kjøretøy
- område for miljøsanering
- område for ev. pressing

² Jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i verksemder av 06.12.1996 nr. 1127 – eller seinare utgåve (internkontrollforskrifta)

Av omsyn til faren for lekkasjar ved mellomlagring og eventuelt plukking av deler, skal miljøfarlege væsker og deler/komponentar som inneheld miljøfarlege væsker fjernast frå vraka så raskt som mogeleg etter innlevering, og så langt det ikkje går ut over salsverdien til delen.

Kjøretøy som er særleg skada, eller som av andre grunnar utgjer ein ureiningsfare, må alltid lagrast på område med fast dekke.

3.3. Pressing eller sluttbehandling av kasserte kjøretøy

Det kan nyttast mobil presse for pressing av kjøretøya. Alle væsker som kjem ut frå kjøretøya ved pressing skal samlast opp.

Samanpressing av kjøretøy for lagring, i påvente av mobil presse eller uttransport, skal skje innafor fastsette støykrav, jf. punkt 5.

3.4. Handtering av farleg avfall frå kasserte kjøretøy

Verksemda skal til ei kvar tid kunne dokumentere at miljøfarlege væsker og anna farleg avfall blir fjerna frå vraka før pressing/levering, og at det vert teke hand om på ein forsvarleg måte.

Handtering og levering av miljøfarlege væsker og anna farleg avfall som følgjer med kasserte kjøretøy eller som oppstår ved verksemda, skal skje i samsvar med "Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)", kapittel 11 – Farleg avfall.

3.5. Mottak av bilbatteri/blybatteri

Ved mottak av bilbatteri/blybatteri frå verksemdar skal løyvehavar sjå til at avfallet er deklart. Verksemda som leverer farleg avfall er sjølv ansvarleg for at deklarasjonen er utført korrekt. Dersom dette ikkje er gjort må løyvehavar gi tilstrekkeleg informasjon.

Ved mottak av bilbatteri/blybatteri frå private er kommunen ansvarleg for deklarasjon. Verksemda kan utføre den praktiske registreringa av batteria som farleg avfall etter skriftleg avtale med kommunen. Kommunen skal så raskt som mogeleg motta og kunne oppbevare all dokumentasjon om eige avfall.

For bilbatteri/blybatteri må ein i tillegg til journalkrava i vilkår 7 registrere: deklarasjonsnummer, avfallstoffnummer og ved samdeklarasjon - overført samdeklarasjonsnummer.

4. Utslepp til grunn og vatn

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen eller vatn som kan medføre nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å halde oversikt over eventuell eksisterande ureina grunn på eige område. Ein skal til ei kvar tid ha oversikt over faren for spreiding, samt vurdere behovet for undersøkingar og tiltak. Er det grunn til å tru at undersøkingar eller andre tiltak vil vere nødvendig, skal ureiningsstyresmakta varslast om dette.

Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke ureina grunn eller ureina sediment, treng løyve etter ureiningslova, ev. godkjenning frå kommunen.³

³ Jf ureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydning i ureina grunn ved bygge- og gravearbeider og ureiningsforskrifta kapittel 21.

4.1. Utsleppsavgrensingar

Oljehaldig avløpsvatn frå drifta av anlegget (verkstad, bilvask, uteområde m.m.) skal leiast via sandfang og oljeutskiljar som er dimensjonert etter største tilrenning.

Følgjande utsleppsgrenser gjeld:

Utslepps-komponent	Utslepps-kjelde	Utsleppsgrenser
		Konsentrasjonsgrense
Olje i avløpsvatn	Oljeutskiljar	50 mg/L

Verksemda skal gjennomføre nødvendige målingar av utslepp for å dokumentere at utsleppsgrensa vert halden. Målingane skal utførast slik at dei blir representative for verksemda sine faktiske utslepp. Fortynning for å oppnå krav til utsleppsavgrensing er ikkje tillate.

4.2. Utsleppstad for prosessavløp

Verksemda skal føre reinsa oljehaldig avløpsvatn i tett leidning til utslepp i sjøen.

5. Støy

Jamvel om verksemda held seg innafor grenseverdiane, har ein likevel plikt til å redusere støy mest mogleg med hjelp av best tilgjengeleg teknologi.

Verksemda skal ha oversikt over alle utslepp av støy til naboegedomar. Oversikta skal omfatte både støy frå eigen aktivitet, og støy frå annan aktivitet som er nødvendig for aktivitet ved verksemda.

5.1. Utsleppsgrenser

Verksemda sine bidrag til utandørs støy ved omkringliggende og eksisterande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar skal ikkje overskride desse grensene, målt eller utrekna som fritteltverdi ved mest støyutsette fasade:

Tidsintervall	Utrekningsmåte	Måndag-fredag	Laurdag	Sundag/ heilagdag
Dag (kl. 07-19)	L_{den}	55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)
Kveld (kl. 19-23)	L_{den}	50 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)
Natt (kl. 23-07)	L_{den}^*	45 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)
	L_{A1}	60 dB(A)	60 dB(A)	60 dB(A)

For definisjonar sjå vedlegg 2.

* For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.

For rekreasjonsområde som må sjåast på som stille område skal støy ikkje overstige 40 dB(A) utrekna som L_{den} midla over døgnnet.

Støygrensene gjeld all støy frå verksemda sine ordinære aktivitetar, inkludert intern transport på verksemdområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsaktivitet og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

Dersom den støyande aktiviteten omfattar tydelege enkelttonar og/eller impulslyd, skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 dB, i høve til verdiane gitt i støykrava over.

Uavhengig av grenseverdiar, skal unødvendig støy reduserast.

6. Økonomisk sikkerheit

Verksemnda skal kunne dokumentere tilfredstillande forsikring eller annan økonomisk sikkerheit for å sikre at mottatt avfall vert forsvarleg handtert og behandla vidare dersom verksemnda legg ned sin aktivitet eller på annan måte ikkje er i stand til sjølv å behandle avfallet. Forsikringa/annan økonomisk sikkerheit skal også omfatte mogleg erstatning etter kapittel 8 i ureiningslova. Dette omfattar mellom anna utgifter til opprydding ved ei eventuell ulukke, eller ved anna utilsikta hending der avfallet kan medføre ureining eller verke skjemma. Denne sikkerheita skal omfatte alt avfall som til ei kvar tid er lagra hos eller av verksemnda.

Økonomisk sikkerheit skal stillast i form av forsikring eller pant for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i sperra bankkonto med ein innbetalt sum tilsvarande den summen som skal sikrast, eller ved ein løpande påkravsgaranti frå bank utskreven til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane på tilsvarande sum. Dersom verksemnda kan dokumentere at det vil gje tilsvarande sikkerheit, kan Fylkesmannen etter ei vurdering godta andre former for sikring av den aktuelle summen.

7. Journalføring

Det skal førast journal over mottak, handtering og vidarelevering kjøretøy, og over handtering/levering av farleg avfall, sjå òg pkt. 9. Driftsjournalen skal takast vare på i minst 5 år, og skal på førespurnad leggjast fram for ureiningsstyresmaktene.

Det skal òg gå fram av journalen når oljeutskiljar eller oppsamlingstank er tømd og korleis dette avfallet er disponert. Kvittering frå avfallsmottakar skal kunne leggjast fram.

8. Beredskap og varsling

Den som driv verksemd som kan føre til akutt ureining, skal syte for nødvendig beredskap for å hindre, stanse, fjerne og avgrense verknad av utslippet. Beredskapen skal byggje på ein systematisk gjennomgang av alle verksemnda sine aktivitetar.

Ved akutt ureining eller fare for ureining, skal den ansvarlige straks varsle brannvesenet i kommunen i samsvar med varslingsforskrifta ⁴.

Fylkesmannen skal så snart som mogeleg varslast skriftleg dersom det oppstår unormale forhold og uhell innafor dei områda som løyvet omhandlar.

9. Rapportering til Fylkesmannen

Verksemnda skal innan 1.mars kvart år sende skriftleg rapport for føregåande driftsår til Fylkesmannen.

Rapporteringa skal m.a. omfatte:

- Talet på kasserte kjøretøy
 - Mottekne i året
 - Miljøsanerte
 - Pressa
 - Leverte til mottakar
 - På lager
- Mengde og type farleg avfall
 - Samla mengde som oppstår ved verksemnda
 - Levert mengde

⁴ Forskrift om varsling av akutt ureining eller fare for akutt ureining av 09.07.1992, nr. 1269

- På lager

Rapporteringa skal skje på særskilt skjema, utarbeidd av Fylkesmannen.

10. Utskifting av utstyr

Dersom det skal gjerast utskifting av utstyr i verksemda som gjer det teknisk mogleg å motverke ureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Fylkesmannen på førehand ha melding om dette.

All utskifting av utstyr skal vere grunna på at dei beste tilgjengelege teknikkane med sikte på å motverke ureining skal nyttast.

11. Eigarskifte

Løyvet kan ikkje overdragast til andre utan samtykke frå Fylkesmannen. Ny eigar kan ikkje starte opp aktivitet som kan medføre fare for ureining eller kunne verke skjemma utan avklaring med Fylkesmannen.

12. Nedlegging eller lengre driftsstans

Dersom anlegget vert nedlagt eller stansar for ein lengre periode, skal den ansvarlege melde frå til Fylkesmannen.

Den ansvarlege er den eller dei verksemdene som har hatt aktivitet ved anlegget, eigar av anlegg eller arealet eller brukar av anlegget. Fylkesmannen vil ved behov rette krav mot den vi vurderer som primært ansvarleg. Ved eventuelt fleire ansvarlege, må dei avtale ansvarsforhold etter privatrettslege avtalar.

Den ansvarlege skal gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for ureining. Dersom noko ved anlegget kan medføre ureining eller det er avfall som kan verke skjemma etter nedlegginga eller driftsstansen, skal det i rimeleg tid på førehand gjevast melding til Fylkesmannen. Tilsvarende skal Fylkesmannen ha melding dersom anlegg, anleggskomponentar, innsats- eller råstoff, ferdigvarar, m.m. kan medføre fare for ureining etter nedlegging, eller kan verke skjemma som avfall.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendige for å motverke ureining og rydde opp i avfall. Fylkesmannen kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekking av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørge for at motteke varer, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, mellom anna skal farleg avfall handterast i høve til gjeldande forskrift⁵. Dei tiltaka som vert gjennomført i slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegginga eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukne kjemikal og namn på eventuell kjøpar/ar.

Dersom den ansvarlege ønskjer å starte på nytt, skal det gjevast melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt. Ved ny oppstart skal den ansvarlege syte for at driftsstaden er i tilfredsstillande miljøtilstand før ny aktivitet kan starte.

⁵ Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går tydeleg fram av vilkåra eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

	Vanlege forkortingar
Bromerte flammehemmarar:	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA
Klorhaldige organiske sambindingar	
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksin og furanar	dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C ₁₀ - C ₁₃ (kloralkan C ₁₀ - C ₁₃)	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C ₁₄ - C ₁₇ (kloralkan C ₁₄ - C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenylyl	PCB
Tetrakloreten	PER
Tensida:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Triklorbenzen	TRI
Trikloran (2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl ether)	
Nitromusksambindingar	
Muskxylen	
Alkyfenoler og alkylfenoletoksylater:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksilatar	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksilatar	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	
2,4,6tri-tert-butylfenol	
Polyfluorerte organiske sambindingar (PFCs)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre (PFOA)	
Tinnorganiske sambindingar:	
Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT
Polysykliske aromatiske hydrokarbon	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Bisfenol A	BPA
Dekametylsyklopentasiloksan	D5

VEDLEGG 2 - Definisjonar

L_{den} A-veid ekvivalent støynivå for dag-kveld-natt (day-evening-night) med 10 dB / 5 dB tillegg på natt / kveld. Tida i dei ulike periodane er; dag: 07-19, kveld: 19-23 og natt: 23-07. L_{den} er nærare omtalt i T-1442 og definert i rammedirektivet for støy (2002/49). NB! midlingstid for L_{den}-nivået her gjeld for dag, kveld og natt for det døgnet med høgast støyemisjon.

Impulslyd: kortvarig, støyvis lydtrykk som varar mindre enn 1 sekund og der impulslyden er av typen "highly impulsive sound" som definert i T-1442 kapittel 6.

L_{A1} statistisk maksimalnivå, uttrykt som det støynivået som blir overskride i 1 % av tida.